

Stig Børshheim i stor vandreteaterførestilling.

23.09.2016



Stig Børshheim(t.v.) og resten av skodespelarane i Ekspedisjon 61 grader N, gav publikum stemningsfulle og interessante førestillingar.

Den utflytta uskedelingen Stig Børshheim som det siste halvåret har fått mykje ros for CDen sin med Olav H. Hauge-dikt, var i slutten av august ein av dei sentrale skodespelarane i ei stor vandreteateroppsetjing i Oslo. Neste fredag er Børshheim på Oska her i Uskedalen med eit Olav H. Hauge-program. Det ser vi verkeleg fram til.





Stig spelar Waldemar Christofer Brøgger ( 1851 -1940)

Vandreteateret der Stig hadde to sentrale roller, hadde tittelen 'Ekspedisjon 61 grader N', og det føregjekk i Botanisk hage på Tøyen der spelet vart framført medan skodespelarane vandra rundt i hagen. Det var ein historisk naturvitkapsodysé, det vart framført i samband med markeringa av at det er 200 år sidan den første bestyraren ved Botanisk hage på Tøyen, Christen Smith, døydde. Bygginga av dei naturhistoriske musea på Tøyen skuldast i hovedsak hans innsats. Ei byste av han står ved inngangen til Botanisk hage.

Det var til saman 5 førestillingar, og då framføringane var på kveldstid, vart dei spesielt stemningsfulle i kveldsljøset. Den skal truleg setjast opp igjen. Skodespelarane var frå forskjellige teatergrupper, men kjernen var frå teatergruppa 'Tredje etasje', der Stig Børshheim er med.

Stig Børshheim har også tidlegare delteke i store vandreteateroppsetjingar. I 2007 spela han rolla som Carl von Linné (1707 - 1778) då stykke om den kjende svenske vitskapsmannen blei sett opp som vandreteater i Botanisk hage. Det var i forbindelse med 300 års jubileum etter hans fødsel. Dei fleste av oss kjenner Linné som den som var opphavet til at planter og dyr er delt inn etter artar og slekter. Som vitskapsmann, var han og innom mykje anna, men alle som har arbeidd med planter og dyr på skulen, kjenner namnet hans for dette arbeidet.

Framsyningane var flotte og stemningsfulle opplevingar. Dei var også interessante historisk sett. Publikum var svært fornøgde, og det var mykje folk på alle førestillingane. Denne spesielle teaterforma er absolutt å anbefala. Kanskje vi ein gong får oppleva like tilbod i Baronihagen?

Fredag 30.september kjem altså Stig Børshheim til Oska. Då skal han syngja og lesa dikt av Olav H. Hauge for publikum. Eg trur det vert folksamt, for mange er svært så imponert over det han presenterer på CDen sin 'Nokre fåe songar'. Då Stig ønskjer å gje noko tilbake til barndomsbygda, vert det gratis inngang på konserten

som startar kl.21. For dei som vil toppa kvelden, vil SmakifråOska by på rikhaldig buffè med velsmakande varme og kalde rettar i timane før konserten. For å få med seg det herlege måltidet, er det nødvendig med førehandsbestilling. Vi kan trygt sei at det vert noko for einkvar smak på Oska denne fredagskvelden.



Stig spelar Mathias Numsen Blytt. ( 1789 - 1862 )

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Lars Wang